

# **Organisasjonsstruktur i Fyresdal Idrettslag**

Det er mange verv å dekkje i FIL. Dette merkar valkomiteane kvart år, og det vert ikkje enklare. Fleire og fleire idrettslag tar no ein revisjon av organisasjonsstrukturen sin for å sjå om det er noko ein kan gjere for å redusere talet på verv i laget.

Idrettskretsen stiller meir enn gjerne med ressursar for å hjelpe med slikt arbeid. Og dei har gode erfaringar frå gjennomføringar i andre klubbar.

For å sjå om dette kunne vere noko for Fyresdal Idrettslag ber me årsmøte om å gje styret i FIL fullmakt til å arbeide med ein ny organisasjonsstruktur.

Forslag til ein ny struktur må leggjast fram på- og godkjennast av årsmøtet i 2017. Det vil difor ikkje kunne gjerast nokon endringar i styresamsetning på bakgrunn av denne fullmakta.

Styret i Fyresdal Idrettslag